Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 76 — Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Åsane

Emne: — Bygdelag:

Oppskr. av: Edv. Haukedal — Gard:

(adresse): Tertnes (for Hylkje) — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ×

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I vårt tilfang til bygdebok vil vi og prøve å få med det vi kan om dei „kloke".

Her lever ikkje lite på folkeminn om slike som dei trudde kunne gjera „åt," og slike (namngjevne) som „koppa", sette bala eller kunna gjelda smågriser. Så var her „nørkoner", (jordmor) og elles slike som hjelpte i eitt og anna. Sume var og flinke med igler.

Ein som koppa (åreløt) var Jens Espelid. Han var også omgangsskulelærar i siste halvdel av det 19. hundreåret. Han hadde med ein meitel (hoggjern-lite) og ein liten kopp å ta blod i. Det fylgde vøgje med når han kom, og han hadde ord for å vera snorten.

15894